

Landsmøtet 2025

Frihet i fellesskap – folkehøgskolens relevans i en urolig tid

26.– 28. mai 2025 på Karmøy Folkehøgskule

Saksliste og sakspapirer





Innhold

Velkommen	3
Programmet	4
Sakslisten	5
De enkelte sakene	6
Melding for Folkehøgskoleforbundet periode 2023 – 2025 (sak 5)	12
Melding for det pedagogiske utviklingsarbeidet for 2023 - 2024	27
Folkehøgskolerådets årsmelding for 2023	43
Statutter Fondet for Folkehøgskolen (sak 6)	51
Årsberetning og regnskap 2023 (sak 8)	52
Årsberetning og regnskap 2024 (sak 9)	61
Budsjett 2025 (sak 10)	70
Retningslinjer for Seniorlaget – «Muldets frender» (sak 11)	73
Orientering om omorganiseringsprosessen (sak 12)	75
Idé- og prinsippprogram (sak 13)	77
Valgnemndas innstilling (sak 18)	81
Vedtekter	82
Prosedyre for gjennomføring av landsmøtet	85
Prosedyre for gjennomføring av valg på landsmøter	86



Kjære landsmøtedeltakar

Karmøy folkehøgskule feirar sitt 150-års jubileum dette året! Det er ei påminning om at folkehøgskulen i meir enn 150 år i Norge har hatt relevans i samtida som ein viktig aktør i det pedagogiske landskapet. Skuleslaget har evna å omstille seg i tråd med dei utfordringar og den tidsånd som har prega dei ulike epokane.

Frihet i fellesskap – folkehøgskolens relevans i en urolig tid er sett som overskrift på landsmøtet 2025. Vi er inne i ei uroleg tid på ulike måtar i 2025. Vi har på kort tid fått ein mindre trygg verdssituasjon prega av krig, ein usikker økonomisk situasjon og demokrati som forvitrar. I tillegg er ungdommar i sterk grad prega av det som skjer i sosiale medium, og den ukritiske påverknad som influensarar har. Klima- og miljøspørsmåla gir oss framleis store utfordringar. For mange er likevel låge elevtal det mest alvorlege og akutte problemet.

Demokratisk beredskap er på lang sikt det som sikrar både fred og dialog. Demokratisk danning skal prege det pedagogiske arbeidet i folkehøgskulen, og dette blir spegla i revisjonen av **FHF sitt idé- og prinsippprogram** som også blir presentert på landsmøtet.

Kunnskapsdepartementet legg i juni 2025 fram for Stortinget ei **revidert folkehøgskulelov**. Vi har frå starten då NOU 2022: 16 *En folkehøgskole for alle* vart utforma, og gjennom lov-prosessen, blitt invitert til å bidra. Vi har blitt lytta til. Dei signal vi har fått så langt er tydelege på at ein ynskjer å skape ein sterk og fri folkehøgskulesektor som skal bestå inn i framtida.

Desse perspektiva dannar bakteppet når kveiktalar **Gudmund Hernes** opnar møtet tysdag 26. mai. Hernes har bak seg ei lang karriere som professor og politiskar. Han er særleg kjent for Reform 94 og Reform 97, der han m.a. har formulert den overordna delen av læreplan for norsk skule.

På landsmøtet planlegg vi m.a. innlegg og seminar knytt til folkehøgskulen sin relevans inn i ei uroleg tid. Vi har invitert tidlegare leiar i FHF **Øyvind Brandt** til å halde seminar for oss med ei analyse av situasjonen, og invitasjon til erfaringsdeling for å finne gode løysingar for medlemmene sitt arbeid inn i framtida. **Raftostiftelsen**, som arbeider pedagogisk med demokrati og menneskerettar, bidrar med innlegg på landsmøtet.

I samarbeid med Karmøy folkehøgskule ynskjer Folkehøgskuleforbundet deg velkomen til møtedagar med viktige og spennande tema, og triveleg sosialt samvær, måndag 26. til onsdag 28. mai 2025.

Vel møtt til viktige og inspirerande dagar saman med engasjerte kollegaer!

Med beste helsing, Styret i Folkehøgskuleforbundet ved:

Einar Opsvik
leier

Angelina K. Christiansen
generalsekretær

Velkommen



Programmet

Mandag 26. mai 2025

Kl. 12.00		Lunsj
Kl. 13.00	Sak 1	Åpning av landsmøtet <i>Ved leder i forbundet, rektor og lokallagsleder</i>
Kl. 13.30		<i>Kveiktaler, professor Gudmund Hernes</i>
Kl. 15.00	Sak 2	Valg av møteledere
	Sak 3	Konstituering
	Sak 4	Leders innledende tale, Einar Opsvik
Kl. 16.00		Kaffepause med noe å bite i
Kl. 16.15		Samtalesalong med utgangspunkt i leders tale
Kl. 16.30	Sak 5	Meldinger for perioden 2023 - 2025
Kl. 17.15	Sak 6	Fondet for folkehøgskolen - forslag til endring av statutter
Kl. 17.30		<i>Nytt fra Folkehøgskolerådet, Anne Tingelstad Wøien</i>
Kl. 19.00		Middag

Tirsdag 27. mai 2025

Kl. 07.00		Felles morgenbad på Sandane
Kl. 08.00		Frokost
Kl. 09.00		Morgensamling
Kl. 09.15		<i>Landsmøteforhandlinger fortsetter:</i>
	Sak 7	Landsmøtet uttaler – presentasjon av evt. forslag
	Sak 8	Årsberetning og regnskap 2023
	Sak 9	Årsberetning og regnskap 2024
	Sak 10	Budsjett 2024 og rammebudsjett 2025
	Sak 11	Seniorlaget
Kl. 11.00		Kaffepause med noe å bite i
Kl. 11.15	Sak 12	Orientering status i omorganiseringsprosjekt
Kl. 11.45	Sak 13	Idé- og prinsippprogram, presentasjon og samtale
Kl. 12.30		Lunsj
	Sak 14	Speakers corner
Kl. 14.00	Sak 15	TEMA: Er det alvor nå? Kritisk, demokratisk danning i en urolig tid. Hva holder vi fast ved? Raftostiftelsen
Kl. 15.00		Utflukt til Skudeneshavn
Kl. 20.00		Landsmøtemiddag

Onsdag 28. mai 2025

Kl. 07.00		Yoga med Bendik
Kl. 08.00		Frokost
Kl. 09.00		Morgensamling
Kl. 9.30	Sak 16	TEMA: Frihet i fellesskap - folkehøgskolens relevans i en urolig tid, Øyvind Brandt
Kl. 11.15	Sak 17	Oppløsning av Utvalg for praktisk personale og Lærerutvalget
Kl. 11.30	Sak 18	Valg
Kl. 12.30		Lunsj og avreise



- Sak 1** **Åpning av landsmøtet**
- Sak 2** **Valg av møteledere**
- Sak 3** **Konstituering**
- Sak 4** **Leders innledende tale**
- Sak 5** **Meldinger for perioden 2023 – 2025**
Melding for Folkehøgskoleforbundet for perioden 2023 – 2025
Inkludert meldinger for:
- Pu-arbeidet for 2023 og 2024
- Folkehøgskolerådets årsmelding for 2023
- Sak 6** **Fondet for folkehøgskolen**
- Sak 7** **Landsmøtet uttaler** (*dersom det fremmes forslag*)
- Sak 8** **Årsberetning og regnskap 2023**
- Sak 9** **Årsberetning og regnskap 2024**
- Sak 10** **Budsjett 2025**
- Sak 11** **Seniorlaget**
- Sak 12** **Orientering status i omorganiseringsprosjekt**
- Sak 13** **Idé- og prinsippprogram, presentasjon og samtale**
- Sak 14** **Speakers corner**
- Sak 15** **Er det alvor nå? Kritisk, demokratisk danning i en urolig tid. Hva holder vi fast ved?** (*tema*)
- Sak 16** **Frihet i fellesskap - folkehøgskolens relevans i en urolig tid** (*tema*)
- Sak 17** **Oppløsning av Utvalg for praktisk personale og Lærerutvalget**
- Sak 18** **Valg**

Sakslisten



De enkelte sakene

I saker med vedlegg lengre bak i kompendiet, finner dere navnet på vedlegget slik:

- Vedlegg.

Sak 1 Åpning av landsmøtet

Velkomsthilsen fra Folkehøgskoleforbundet ved Einar Opsvik og vertskapet på skolen, og presentasjon av styret.

Sak 2 Valg av møteledere

Styret fremmer forslag til møteledere for landsmøtet.

Sak 3 Konstituering

Landsmøtet skal:

- Gjøre vedtak om godkjenning av innkalling
- Gjøre vedtak om at møtet er lovlig satt
- Godkjenne sakslisten
- Velge:
 - Referenter
 - Fullmaktsnemnd
 - Protokollnemnd
 - Tellekorps
 - Evt. andre nemnder som landsmøtet vil oppnevne

Styret fremmer forslag til referenter og medlemmer i nemnder i møtet.

Forslag til vedtak:

Landsmøtet godkjenner innkalling til landsmøtet, og erklærer møtet for lovlig satt.

Sakslisten godkjennes som utsendt.

Landsmøtet godkjenner forslaget fra styret til referenter og nemnder.

Sak 4 Leders innledende tale

Einar Opsvik vil i innledningsforedraget reflektere over den aktuelle situasjonen og dele sine tankar om framtida for folkehøgskolen generelt, og frilynt folkehøgskole og Folkehøgskoleforbundet spesielt.

Det blir anledning til kommentarer etter innledningen.

Forslag til vedtak:

Landsmøtet tar leders innledning, og eventuelle kommentarer, til orientering.



Sak 5 Meldinger for perioden 2023 - 2025

- Melding for Folkehøgskoleforbundet for perioden, med vedlegg:
 - Melding om pedagogisk utviklingsarbeid 2023 og 2024
 - Folkehøgskolerådets årsmelding for 2023, med Internasjonalt utvalg og Fondet for folkehøgskolen

Aktuelle saker fra årsmeldingene som ikke ellers står på landsmøtets saksliste kan kommenteres under gjennomgang av meldingene.

Forslag til vedtak:

Landsmøtet godkjenner melding for perioden 2023 – 2025, med eventuelle kommentarer, som uttrykk for virksomheten i forbundet.

Sak 6 Fondet for folkehøgskolen – forslag til endring av statutter

- Statutter for Fondet for folkehøgskolen

Folkehøgskolerådet er styre for dette fondet som er opprettet av FHF og Noregs Kristelige Folkehøgskolelag (NKF). Fondet har i dag en kapital på omkring en million. Folkehøgskolerådet mener at for at fondsmidlene skal kunne brukes etter formålet er det behov for endring i statuttene. Etter statuttens § 9 kan dette bare gjøres etter vedtak på årsmøtene i de to organisasjonene.

I Folkehøgskolerådets sak 09/23 ble det vedtatt å be organisasjonene om å overføre eierskapet av Fondet for folkehøgskolen til dem, slik at de i det videre kan gjøre nødvendige endringer i statuttene. NKF gjorde følgende vedtak på sitt årsmøte i 2024:

Årsmøtet i NKF ønsker statuttendring i Fondet for folkehøgskolen i punkt 9. i statuttene.

Ny tekst som foreslås i § 9:

§ 9. Endring i disse statuttene kan berre gjerast etter vedtak på årsmøtet i Folkehøgskolerådet.

Forslag til vedtak:

Folkehøgskoleforbundets landsmøte overfører eierskapet for Fondet for folkehøgskolen til Folkehøgskolerådet. Reviderte statutter for fondet må ivareta fondets opprinnelige intensjoner. Det gis mulighet for å benytte en begrenset andel av fondskapitalen til fondets formål.

Folkehøgskoleforbundets landsmøte vedtar å endre §9 i Statutter for Fondet for Folkehøgskolen til:
§ 9. Endring i disse statuttene kan berre gjerast etter vedtak på årsmøtet i Folkehøgskolerådet.

Sak 7 Landsmøtet uttaler

Forslag til uttalelser kan fremmes i landsmøtet. Lokallagene oppfordres til å sende inn eventuelle forslag til uttalelser, slik at de er kjent for sekretariatet før landsmøtet.

Sak 8 Årsberetning og regnskap 2023

- Årsregnskap med årsberetning og revisjonsberetning for Folkehøgskoleforbundet 2023

Forslag til vedtak:

Årsberetningen og årsregnskap med revisjonsberetning for Folkehøgskoleforbundet 2023 godkjennes.



Sak 9 Årsberetning og regnskap 2024

- Årsregnskap med årsberetning og revisjonsberetning for Folkehøgskoleforbundet 2024

Forslag til vedtak:

Årsberetningen og årsregnskap med revisjonsberetning for Folkehøgskoleforbundet 2024 godkjennes.

Sak 10 Budsjett 2025

- Budsjett 2025

Forslag til vedtak:

Budsjett for 2025 godkjennes.

Sak 11 Seniorlaget

- Retningslinjer for Seniorlaget – «Mulnets frender»

Etter § 7.1 i vedtektene for FHF utgjør pensjonistar eit eige lokallag. Vedlagt følgjer forslag til nye retningslinjer for Seniorlaget i Folkehøgskoleforbundet.

FHF har som ei av sine prioriterte oppgåver å ta vare på seniorane sine ressursar i idé- og utviklingsarbeidet. I tillegg til å vere eit forum for pensjonerte folkehøgskulefolk, er det eit ynskje om å fange opp medlemmer som er i siste fase av si karriere. Dette både for å bidra til at ein kan stå lenger i jobb og for å dra veksler på den erfaring og kunnskap som den einskilde har. Det blir derfor foreslått at ein kan bli medlem i seniorlaget frå det året ein fyller 57 år.

Det er eit klart ynskje å skape eit seniorlag som bidrar til å ta vare på folkehøgskulerørsla, historia, tradisjonane og kjernen i arbeidet. Seniorlaget skal vere ein arena der dette engasjementet kan dyrkast og delast, og der ein kan bidra utad på vegne av folkehøgskulen, og innad kome med innspel til styret, politikken og idéarbeidet. I tillegg er Seniorlaget ein sosial møteplass.

Etter initiativ har styret i FHF laget forslag til nye retningslinjer for Seniorlaget, og disse ble sendt ut på høyring i FHF-rundskriv 8/2025.

Forslag til vedtak:

Retningslinjer for Seniorlaget «Mulnets frender» 2024 godkjennes.

Sak 12 Orientering status i omorganiseringsprosjekt

- Orientering om omorganiseringsprosessen i folkehøgskolens sentralledd

På landsmøtet i 2023 vedtok Folkehøgskoleforbundet (FHF) å ta initiativ til samarbeid med dei andre organisasjonane sentralt i folkehøgskulen med målsetting om å vurdere ei ny framtidig organisering. Vedlagte er status i prosjektet så langt.

Forslag til vedtak:

Tatt til orientering.



Sak 13 Idé- og prinsippprogram, presentasjon og samtale

- 2025 Idé- og prinsippprogram for Folkehøgskoleforbundet

Idé- og prinsippprogram for Folkehøgskoleforbundet (FHF) er organisasjonen sitt viktigste politiske dokument. Dette legg føringar for styret, leiar og administrasjonen sitt arbeid i den komande fireårsperioden. Styret i FHF satt ned ei nemnd som har utarbeidd forslag til ein revisjon av dagens program. Nemnda består av: Marianne Amundsen (styret i FHF, Agder fhs.), Finn Birkeland (Åsane fhs.), Signe Strøm (Nansenskolen), Angelina K. Christiansen (Generalsekretær FHF) og Einar Opsvik (leiar FHF).

Nemnda har levert eit dokument som har blitt sendt ut på høyring til alle lokallag og tillitsvalde. Vi fikk nokre forslag til mindre endringar, som er innarbeidd i det vedlagte dokumentet.

Forslag til vedtak:

Styret merker seg signalene fra innlegg og debatt til sitt kommende arbeid i tråd med revidert Idé- og prinsippprogram.

Sak 14 Speakers corner

Folkehøgskoleforbundet er avhengig av et bredt engasjement blant medlemmene på skolene, for å sikre at vårt idé- og utviklingsarbeid og arbeid med rammevilkår for skoleslaget, er i tråd med behovet ute på skolene. Styret arrangerer som før under landsmøtet Speakers Corner, hvor alle kan si sin hjertens mening om dette eller andre ting som ikke er på sakskartet til landsmøtet.

Forslag til vedtak:

Styret merker seg signalene fra innlegg og debatt til sitt kommende arbeid.

Sak 15 Er det alvor nå? Kritisk, demokratisk danning i en urolig tid. Hva holder vi fast ved?

Raftostiftelsen arbeider pedagogisk med demokrati og menneskerettar.

Forslag til vedtak:

Landsmøtet ber styret merker seg drøftingene og innspillene i landsmøtet, for å ta disse med seg i det videre arbeidet med hvordan vi kan sørge for frilynt folkehøgskole i fellesskap kan sørge for at folkehøgskolene beholder sin relevans i årene som kommer.

Sak 16 Frihet i fellesskap – folkehøgskolens relevans i en urolig tid

Arbeid for en attraktiv og relevant folkehøgskole i en ny tid. Folkehøgskolen er en demokratisk dannelsesinstitusjon som springer ut av en humanistisk og demokratisk myndiggjørings- og frihetstradisjon.

Prosjektet «Myndiggjøring til bærekraftig frihet i fellesskap» har som målsetting å bidra til å videreutvikle denne tradisjonen ved å bygge på erfaringer fra skolene. Prosjektet vil frembringe eksempler på hvordan folkehøgskoler, gjennom sitt faglige tilbud og sosialpedagogiske arbeid, fremmer myndiggjøring av unge voksne slik det oppstår i krysningspunktet mellom individ, kollektiv og vårt felles klima og miljø.

I tillegg til uante muligheter inn i en ny tid, lever vi i det som oppleves som en individkrise, en bærekraftkrise og i en tillitskrise til demokratiet. Vi i folkehøgskolen må spørre oss selv om hva slags myndiggjøring vi fremover ser for oss at vi skal bidra med over for våre deltakere, og hvordan.



Prosjektet Øyvind Brandt har tatt initiativ til vil ta utgangspunkt i et utvalg av deltagende skolars praksis, som kan bidra til å utvikle teorigrunnlag og identifisere faglige og didaktiske utfordringer, som igjen vil nedfelle seg i nye praksiser ved skolene. Dette kan danne grunnlag for møter, foredrag, seminarer og erfaringsdeling for å bidra til kunnskap og inspirasjon for andre skoler.

Det er også en ambisjon å skriftliggjøre prosjektet ved å samle og publisere teorigrunnlag og erfaringer i bokform.

Forslag til vedtak:

Landsmøtet ber styret arbeide videre med prosjektet Myndiggjøring i den kommende perioden.

Sak 17 Opplysning av Utvalg for praktisk personale og Lærerutvalget

Det har de siste årene blitt gjort flere forsøk på å finne et meningsfullt innhold, og en god arbeidsform for Utvalg for praktisk personale og Lærerutvalget. Det har ikke lyktes å få dette arbeidet i gang med de intensjoner mandatene for utvalgene skisserer. Styret i FHF er løpende orientert om situasjonen.

Valgnemnda har fått i oppdrag å undersøke om dette utvalgsarbeidet er en struktur som bidrar til arbeidet sentralt i FHF. På bakgrunn av tilbakemeldingene fra utvalgsmedlemmene, foreslår FHF at utvalgene legges ned. Det er derfor heller ikke foreslått nye kandidater til disse vervene.

Det understrekes at det fremdeles er mulig å spille inn saker og synspunkter til styret i FHF, både fra lokallag og fra enkeltmedlemmer.

Forslag til vedtak:

Landsmøtet vedtar å legge ned Utvalg for praktiske personale og Lærerutvalget.

Sak 18 Valg

- Valgnemndas innstilling

Det skal velges for kommende to år:

- leder
- fire styremedlemmer
- 3 varamedlemmer som møter fast i styret
- to medlemmer til skoleutviklingsutvalget
- tre personer til valgnemnd for landsmøtet i 2025

Det er ikke innstilt medlemmer til Utvalg for praktisk personale og Lærerutvalget, da disse foreslås nedlagt på grunn av manglende aktivitet i laget.

I tillegg skal det velges:

- Revisor

Styrets innstilling: Revisorgruppen Akershus



Vedtak:

Styreleder:

Styremedlemmer (4):

-
-
-
-

Varamedlemmer (3):

1. vara:

2. vara:

3. vara:

Valgnemnd (3):

-
-
-

Skoleutviklingsutvalget (2):

-
-

Revisor (1):

-

Melding frå styret i FHF for perioden 2023 – 2025

Til landsmøtet 2025, Karmøy folkehøgskule

Meldinga oppsummerer i hovudtrekk aktiviteten til Folkehøgskoleforbundet (FHF) i landsmøteperioden 2023 – 2025. Aktiviteten tar utgangspunkt i FHF sitt idé- og prinsippprogram med prioriterte områder, og styret sitt fokus for perioden. Folkehøgskoleforbundet har arbeidd med alle dei tre hovudområda: idé- og utviklingsarbeid, arbeid inn mot myndigheitene og arbeidslivsfeltet. Det blir lagt fram eigne årsmeldingar for det pedagogiske utviklingsarbeidet og Folkehøgskulerådet, inklusiv Internasjonalt utvalg, Økonomiutvalget og Fondet for folkehøgskolen.

Formål for FHF- frå § 2 i vedtektene

- 2.1 Folkehøgskoleforbundet er idé-, interesse og fagorganisasjon for norsk folkehøgskole.
- 2.2 Folkehøgskoleforbundet skal ta i vare medlemmene sine interesser når det gjeld lønns- og arbeidsforhold.
- 2.3 Folkehøgskoleforbundet skal arbeide for dei idéar den frilynte folkehøgskolen byggjer på og fremje folkehøgskolen sin innverknad og plass i det norske samfunnet.
- 2.4 Folkehøgskoleforbundet skal arbeide for gode og tenlege rammevilkår for norsk folkehøgskole.
- 2.5 Folkehøgskoleforbundet skal drive studie-, utviklings- og opplysningsverksemd.

Prioriterte områder for Folkehøgskoleforbundet 2021 – 2025

(Del C i idé- og prinsippprogrammet)

På bakgrunn av idé- og prinsippprogrammet skal følgende punkter være prioriterte arbeidsområder for Folkehøgskoleforbundet i den kommende perioden:

I idé- og utviklingsarbeid skal Folkehøgskoleforbundet:

- være skoleslagets sentrale organ for å ivareta og formidle folkehøgskolens idéer, tenkning, praksis og pedagogikk.
- bidra til skoleutvikling og pedagogisk utviklingsarbeid.
- utvikle folkehøgskolene som arenaer for dialog og demokratisk danning.
- bidra med tilbud om pedagogisk opplæring og kurs til alle yrkesgrupper på skolen.
- arbeide for å ta vare på seniorenas ressurser og erfaringer i idé- og utviklingsarbeidet.
- inspirere skolene til å redusere sitt klimaavtrykk gjennom drift og aktiviteter
- arbeide i lojalitet med felles bærekraftvedtak i organisasjonene i norsk folkehøgskole.
- bidra til samtaler rundt skolens reisevirksomhet, og til å skape reelle dannelsereiser.
- bidra til forsknings- og utviklingsarbeid i skoleslaget.
- arbeide for et konstruktivt samarbeid med de andre organisasjonene i skoleslaget.
- styrke sangtradisjonen i folkehøgskolen.
- være rustet for, og delta i den skolepolitiske debatten.
- bidra til opplæring og felles møteplasser for elever som er styrerepresentanter og elevrådsledere.
- arbeide for å øke skolens styrerepresentanters kompetanse omkring drift av folkehøgskole.
- skape samtale, refleksjon og bevissthet rundt begrepene folkeopplysning og folkelig opplysning.

I arbeidet inn mot myndighetene skal Folkehøgskoleforbundet:

- arbeide for gode rammevilkår for folkehøgskolene.
- gjennom sin deltagelse i Folkehøgskolerådet (FHSR) arbeide for at alle skoler utvikler seg til en levedyktig størrelse for den enkelte skole.
- arbeide for støtte fra myndighetene til prosjekt som fremmer skolenes dannels- og folkeopplysningsoppdrag.
- arbeide for økt statlig tilskudd til finansiering av etter- og videreutdanning av ansatte i folkehøgskolen.
- arbeide for å bedre studiefinansieringen for folkehøgskoleopphold.

På arbeidslivsfeltet skal Folkehøgskoleforbundet:

- arbeide for gode og rettferdige arbeidsforhold for alle medlemmer.
- videreutvikle organisasjonen til beste for medlemmene, inkludert å gi opplæring og støtte til lokallagsarbeid.
- sikre god informasjonsflyt og åpen kommunikasjon i organisasjonen.
- bidra til å videreutvikle den norske tre-part-modellen i utdanningssektoren og de overordna rammevilkårene for ansatte.
- arbeide for å opprettholde dagens ytelsesbaserte tjenestepensjonsordning, herunder AFP og særaldersgrenser.
- arbeide for å styrke rekrutteringa innenfra til lederstillinger i skoleslaget.
- jobbe for avtaleverk som ivaretar både arbeidstagere og skoleslagets særpreg.
- styrke det lokale partssamarbeidet gjennom tillitsvalgtopplæringen.
- arbeide for å rekruttere alle ledere i folkehøgskolen som medlemmer, gjennom å synliggjøre ledernes interesser og posisjon.
- arbeide for å øke medlemstallet i alle yrkesgrupper.

På andre arbeidsfelt skal Folkehøgskoleforbundet:

- bidra til å styrke samarbeidet i nordisk folkehøgskole.
- arbeide for at alle unge fra ulike samfunnslag har mulighet til å gå på folkehøgskole.

Samandrag

Styret takker for tilliten i perioden som har gått og for arbeidet som blir utført av medlemmer og tillitsvalte rundt om på skulene og i forbundet sine utval. Det er mange som er engasjert i å halde folkehøgskuleideen og organisasjonen levande. Dette er viktig då folkehøgskulerørsla blir halde i hevd og blir levande, i møtet mellom den enkelte elev og dei tilsette på skulane. I norsk samanheng er Folkehøgskoleforbundet en relativt liten organisasjon, men særdeles viktig for alle som har sitt daglege virke i folkehøgskulen. FHF legg vekt på å vere ein organisasjon som gir et godt og relevant tilbod til både lærarar, praktiske personale og leiarar på skulane. Til tross for ein avgrensa økonomi viser meldinga tydeleg det omfattande og viktige arbeidet Folkehøgskoleforbundet til dagleg utfører.

Ide- og prinsippprogrammet som var utforma i samband med landsmøtet i 2021, og forankra hos våre tillitsvalde same haust, har danna grunnlaget for styret sitt arbeid, handlingsplan og prioriteringar i perioden.

Styret og sekretariatet sitt arbeid har i perioden m.a. vore prega av eit intenst arbeid knytt til departementet sin invitasjon til høyring på forslag til ny folkehøgskulelov. Det har blitt lagt opp til ein

demokratisk prosess der alle lokallag og medlemmer har fått høve til å kome med innspel til FHF si tilbakemelding. FHF har i samarbeid med dei andre organisasjonane sentralt i folkehøgskulen stilt seg bak eit felles høyringsdokument frå Folkehøgskolerådet (FHSR). FHF har ikkje inngått kompromiss i denne prosessen. I Folkehøgskolerådet sitt høyringssvar blir det m.a. peika på folkehøgskulen si rolle som demokratisk dannelsesinstitusjon. «Å vedlikeholde og videreutvikle demokratiet har vært, og vil fortsatt være, en sentral del av folkehøgskolenes allmenndanningsoppdrag.» For at skuleslaget skal opprettholde sitt oppdrag og sin legitimitet, blir det viktig å halde fast ved ein formålsparagraf som understøtter dette arbeidet. FHSR foreslår ein noko justert formålsparagraf for den nye lova: «Folkehøgskolens formål er å fremme allmenndanning og folkelig opplysning, aktivt medborgerskap og menneskeverd.» I tillegg har det blitt understreka at det er viktig å halde fast ved formuleringa om at den einskilde skule sjølv skal har ansvar for å formulere sitt eige verdigrunnlag. (FHSR sitt høyringssvar er tilgjengeleg på Kunnskapsdepartementet sine nettsider.)

Folkehøgskoleuka er eit fast arrangement i regi av FHF, i andre uke av august. Det blir der arrangert ei rekke kurs både for nye og erfarne tilsette i folkehøgskulane. I august 2023 vart Folkehøgskoleuka arrangert i Mandal, på SKAP Kreativ Folkehøgskole. Det var god påmelding og gode tilbakemeldingar. I august 2024 måtte kursrekka nedskaleras på grunn av lite påmelding. Kurs for nye lærarar vart likevel halde, og det var lagt til Romerike folkehøgskole. Kurs for nye leiare og kurset Seksuell danning vart flytta til seinare den hausten.

Folkehøgskoleforbundet har gitt ut medlemsbladet *Folkehøgskolen* med fem nummer årleg. Frå 2025 blir dette redusert til fire årlege utgåver. Bladet reflekterer aktiviteten i folkehøgskulane og speglar breidda av aktiviteten i skuleslaget. Det er også eit viktig forum for faglege innspel og meningsytringar. Bladet kan nyttast som inspirerende bakgrunnsstoff i skuleutvikling og i kvardagen på skulane. Med jamne mellomrom blir i tillegg *Medlemsnytt* distribuert digitalt til alle medlemmer via epost.

Folkehøgskoleforbundet samarbeider tett med Informasjonskontoret for folkehøgskolen (IF) til beste for dei frilynte folkehøgskulane. Folkehøgskoleforbundet og Noregs Kristeleg Folkehøgskolelag (NKF) samarbeider om viktige forhandlingar og avtaler som gjeld medlemmer i begge organisasjonane. Felles resepsjon og kontorlokale på Folkehøgskolekontoret i Brugata 19 i Oslo legg forholda til rette for dette samarbeidet.

Kvardagen i Folkehøgskoleforbundet er elles hektisk og spennande og er prega av mykje kommunikasjon frå skular og medlemmer, med eit breitt spekter av spørsmål innanfor alle arbeidsområde som forbundet har. Hovudtrekka i arbeidet til forbundet i 2023-2025 blir oppsummert på dei følgjande sidene, sortert etter prioriterte områder for fireårsperioden slik det er nedfelt i idé- og prinsippprogrammet.

Idé- og utviklingsarbeid

Ein del faste aktivitetar går igjen frå år til år. Desse er med på å støtte idé- og utviklingsarbeidet i frilynt folkehøgskule. Oppsummeringa nedanfor er sortert tilsvarande rekkefølga i prioriterte arbeideområder idé- og prinsippprogrammet for FHF.

I Idé- og utviklingsarbeidet skal Folkehøgskoleforbundet:

Vere skoleslaget sitt sentrale organ for å ivareta og formidle folkehøgskulen sine idéar, tenking, praksis og pedagogikk.

- o Folkehøgskulens sine idéar, tenking, praksis og pedagogikk er fundamentet for folkehøgskulane sitt arbeid. Forankra i folkehøgskulen si historie er dette utgangspunktet for folkehøgskolerørsla og for utforminga av FHF sitt politiske program slik det kjem til uttrykk i idé- og prinsippprogrammet. Rørslearbeidet blir verkeleg gjort på skulene, i undervisning, i møte og i samtalar i kvardagen mellom elevar, elevgrupper og dei tilsette. Idé- og prinsippprogrammet blir presentert og vektlagt på alle samlingar, distriktsmøte og kurs som blir halde i FHF sin regi.
- o Idé- og prinsippprogrammet er også grunnlaget for dei synspunkt og tilbakemeldingar som FHF har brukt aktivt i arbeidet knytt til høyringsprosessen fram mot ny lov for folkehøgskulen.
- o Folkehøgskuleuka blir arrangert årleg i starten av august. Dette er ein viktig arena for å formidle sentrale tankar og idéar til m.a. nye tilsette og nye rektorar. Idé- og prinsippprogrammet er tilgjengeleg for alle på www.frilyntfolkehogskole.no og har blir trykt opp som ein oversiktleg faldar. Faldaren blir formidla til alle skular med oppmoding om å bruke programmet aktivt. Idé- og prinsippprogrammet dannar grunnlaget for skulane sitt daglege arbeid og er eit viktig bidrag i utforminga av den einskild skule sitt verdigrunnlag.
- o Sekretariatet, styremedlemmer, styreleiar og andre medlemmer er bidragsytarar til bladet «Folkehøgskolen». Folkehøgskulen sine idéar og pedagogikk blir synleggjort gjennom artiklar, kronikkar, diskusjonar og bokmeldingar og breidda i aktivitetar på skulane kjem tydeleg til syne. Dette bidrar til å skape retning og innhald for den frilynte folkehøgskulerørsla.

Bidra til skoleutvikling og pedagogisk utviklingsarbeid og bidra med tilbud om pedagogisk opplæring og kurs til alle yrkesgrupper på skolen.

- o Det pedagogiske utviklingsarbeidet er finansiert via midler fra staten som igjen er fordelt til organisasjonene via Folkehøgskolerådet. PU-rådgiver har ansvar for å sette sammen et program for opplæring og kurs gjennom året og har hovedansvar for «Folkehøgskoleuka». (Se egen årsmelding for PU-arbeidet.) Kurstilbudet omfatter bl.a. Kurs for nye lærere, praktisk personale og for nye ledere. "Folkehøgskoleuka 2024" måtte dessverre nedskaleras på grunn av sviktande påmelding, men det ble gjennomført kurs for nye lærarar.
- o Karriereveiledning er viktig for mange elever i folkehøgskolen. Inspektør/ass. rektorer ved skulene har fått tilbod om opplæring i karriereveiledning i forbindelse med Lederforum.
- o I samarbeid med NKF har det blitt gjennomført et pilotprosjekt der «folkehøgskolen og rus» var tema. Ei stadig endring i dei unge sine rusvaner er utfordrande for folkehøgskulane. Skulene har avgrensa tilgang til sanksjonsmidlar og det er klare juridiske grenser for korleis desse utfordringane kan handterast. Som oppfølging av pilotkurset i samarbeid med KORUS, vart det sett ned ei gruppe for å utarbeide ein veileder for skulane sitt forebyggjande arbeid. Resultatet av dette arbeidet er ressursheftet "Rusforebyggjande arbeid i folkehøgskolen". Det er tenkt som eit hjelpemiddel for skulane til å kunne forebygge og handtere rusbruk gjennom

skuleåret, og skape samtalar med elevgruppa om rus og rusbruk. Heftet er formilda til alle skular.

- o I samarbeid med NKF og FHSR vart det gjennomført ein workshop på rektormøtet i januar 2025 der "Folkehøgskolens narrativ" var tema. Resultatet av dette prosjektet synleggjer tydeleg at rektorane både på frilynt og kristen side, har eit klart fokus på demokratisk danningsarbeid i sin kvardag, og forpliktar seg til eit tydelege pedagogisk realisering av dette.

Utvikle folkehøgskolene som arenaer for dialog og demokratisk danning.

- o Gjennom deltaking på distriktsmøter og ved skulebesøk, har FHF eit vedvarande fokus på skuleslaget som eit pedagogisk alternativ. Det blir framheva at folkehøgskulen skal ha dialog og samtale som hovudverkemiddel i si pedagogiske tilnærming.
- o På Leiarforum i november 2024 var Nansenskolen invitert for å snakke om "Dialog og demokrati i pedagogisk arbeid". Dei gjorde dette konkret med forelesing og workshop for rektorar og inspektørar.
- o Alle skular skal levere sjølvevalueringsrapport til Udir innan 1. juni kvart år. Sjølvevalueringsrapporten er ein god reiskap for evaluering og skuleutvikling. FHF har i samarbeid med NKF gitt skulane tilbod om å sende sine rapporter inn til forbundet for gjennomlesing. Dei skulene som har ønsket det, har fått skriftleg tilbakemelding på sine rapportar. Med utgangspunkt i dei innsendte rapportane har det også blitt utarbeida ei generell tilbakemelding med oppsummeringar og tilrådingar.
- o Som en del av Folkehøgskoleforbundets demokratiske struktur er det oppretta fleire utval i forbundet. Alle utvala er samansett av medlemmer frå skulane. Skoleutviklingsutvalget, Lærerutvalget og Utvalg for praktisk personale har mandat som intern interessegruppe, og som referansegruppe for styret i Folkehøgskoleforbundet. Leiar for PU-utvalet kallar inn og leier Skoleutviklingsutvalget. Utvala skal drøfte saker som gjeld deira spesifikke arbeidsfelt og bidra til vidare saksbehandling inn mot styret i FHF.

Arbeide for å ta vare på seniorenas ressurser og erfaringar i idé- og utviklingsarbeidet.

- o Det er stadig utskifting av personar på folkehøgskulane. Tilsette som har brukt store deler av si karriere i folkehøgskolen, sit på er reservoar av kunnskap og erfaring som det er ynskjeleg å ta vare på. Dette gjelder arbeidet i folkehøgskolen generelt, og i forhold til seniorpolitikk spesielt. Det blir fram mot landsmøtet arbeidd for å reetablere frilynt folkehøgskule sitt seniorlag med nye retningslinjer og ein struktur som sikrar at styre og folkehøgskulelandskapet drar nytte av seniorane sine ressursar og erfaringar.

Inspirere skolene til å redusere sitt klimaavtrykk gjennom drift og aktiviteter.

Bidra til samtalar rundt skolenes reisevirksomhet, og til å skape reelle dannelsereiser.

- o Reisene som folkehøgskulane arrangerer for sine elevar bidrar i sterk grad til skulane sitt klimaavtrykk. «Folkehøgskolenes Bærekraftvedtak» har frå 2019 medverka til å inspirere skulane i sitt klima- og miljøarbeid. Reiser er for mange ein viktig del av skuleåret og dei dannelsesprosessar som skulane inviterer til. Ofte er det nausynt å reise til andre land for å tilføre skuleåret og elevane den meirverdi som desse erfaringane kan gi. Podcastserien www.danningsreisa.no har blitt etablert for å spreie kunnskap om gode dannelsereiser i ulike perspektiv, og inspirere til å arbeid aktivt både med innhald i reisene, og finne reisemål som skaper mindre klimaavtrykk.
- o Demokratibåten på Arendalsuka i 2024 hadde fleire innslag/samtalar om klima- og miljøspørsmål.

- o Leiarforum i 2023 inviterte forfatter av boka «En klimabok du orker å lese» Hauk Are Fjeld, til å halde inspirasjonsforedrag for rektorar og inspektørar.
- o Leiarforum i 2024 inviterte til Friomsdebatt med tema «reisemål i linjenamn».
- o Folkehøgskolens bærekraftpris blir delt ut årleg på FHSRs rektormøte. Fosen folkehøgskule står i ei særstilling i dette arbeidet, og fekk på rektormøtet i Stavanger i 2024 ærespris for sitt arbeid gjennom mange år.

Arbeide i lojalitet med felles bærekraftvedtak i organisasjonene i norsk folkehøgskole.

- o Det vidare arbeidet med klima- og miljøspørsmål skal framover bli ivaretatt av Internasjonalt utval. Det blir arbeid for å reetablere dette utvalet og gi det eit nytt innhald. Styret i FHF utnemner kandidatar til utvalet og kjem med innspel og idear til vidare arbeid.
- o Registreringsverktøyet for skulane sitt klimaavtrykk som har blitt utarbeidd i samarbeid med Miljøfyrtårn, har ikkje blitt nytta i tilstrekkeleg grad. Det talmaterialet som blir sendt inn, er for lite til å gi eit realistisk bilete av skulane sitt arbeid. IU arbeider vidare med denne utfordringa.

Bidra til forsknings- og utviklingsarbeid i skoleslaget

- o Eit større forskningsprosjekt i regi av Forskningsinstituttet NORCE er sett i gang i 2024. Organisasjonane i folkehøgskulen med FHSR som koordinerande organ, har blitt invitert til å delta for å bidra til innhaldet i søknadsfasen for prosjektet. Effekten av eit år på folkehøgskule skal vere i fokus for prosjektet som går over fire år. Prosjektet er ei studie med ulike innfallsvinklar, både kvalitative og kvantitative metodar, intervju med dagens elevar og tidlegare elevar på folkehøgskule. Det blir også lyst ut ei Ph.d. stilling i tilknytning til dette. Organisasjonane er invitert til å bidra inn i prosjektet ved å delta i ei referansegruppe.
- o Det blir tatt initiativ til eit prosjekt om Neurodivergens i norsk og svensk folkehøgskole. Dette er leiar av Sofia Österborg Wiklund som er tilsett v. Umeå Universitet. Folkehøgskule-organisasjonane er invitert til å bidra til utforminga av dette i søknadsfasen, og ta del i ei referansegruppe.
- o NORDPLUS set i gang følgande prosjekt: "The Nordic folk high schools' contribution to a socially sustainable future" Dette er leiar av Johan Lövgren som er tilsett ved USN.
- o Eit prosjekt knytt til psykisk helse blir starta av Norse Impact ved Eli Natvik og Julie Hammerseth Herstad frå Høgskulen på Vestlandet.
- o Skolestart/sluttundersøkelse 2024/25 og vidare utvikling av prosjektet «Folkehøgskole gir mening» ved Lars Mandelkow som arbeider v. Ansgar Høyskole og Odd Kenneth Hillesund v. Universitetet i Agder.
- o «Democracy for hope – hope for democracy» er eit prosjekt initiert av Nordisk folkehøgskuleråd, der FHF og NKF har eit aktiv rolle. Det blir søkt om Erasmus-midlar til dette. Nordisk folkehøgskuleråd. Verksamhetsutvecklare Tomas Rydsmo v. Folkhögskoleförvaltningen i Västra Götaland leier prosjektet i startfasen.
- o Kenneth Larsen v. USN leiar prosjektet "Formation and Coping with Life in Adolescents who attend Folk High School in Norway. A Mixed Method Design/"Meaning in Life".
- o Fagskolen Innlandet planlegg ei fagskuleutdanning for praktisk personale i folkehøgskulane. FHF bidrar til utvikling av innhaldet i dette studiet ved å oppnemne deltakarar i styringsgruppa.

Arbeide for et konstruktivt samarbeid med de andre organisasjonene i skoleslaget.

- o Landsmøtet i 2023 gjorde vedtak om å etablere eit prosjekt for å vurdere ny organisering av folkehøgskulen sitt sentralledd. Resultatet av dette arbeidet og stoda i prosjektet blir beskrive i eit eige dokument til landsmøtet 2025.
- o Det daglege samarbeidet på kontoret er prega av ei positiv haldning og konstruktive løysingar. Måten arbeidet er organisert på med fem ulike organisasjonar og styre, gjer likevel mange prosessar unøddig kompliserte og lite effektive.
- o Det har i perioden blitt arrangert fleire konstruktive fellesmøte mellom IF og FHF. Det blir vurdert om dette samarbeid skal utvidast i framtida.
- o FHF og NKF har i perioden hatt eitt felles styremøte.

Styrke sangtradisjonen i folkehøgskolen

- o For å bidra til allsang på folkehøgskulane har FHF gått inn i eit samarbeid med www.trall.no. Trall er ein applikasjon med allsangsakkopagnemet som er utvikla ved OsloMet. Det har blitt lagt vekt på å spegle eit kulturelt og språkleg mangfald, og det blir nytte musikarar, songarar og orkester med høg kvalitet. Vi har fått høve til å bidra med forslag til nye songar, med utgangpunkt i vår eiga bok – Norsk Sangbok. Trall-Appen har blitt sendt ut som tilbod til alle frilynte folkehøgskular.
- o «Syng snakk spis» er eit konsept for allsong som er etablert i Dansk folkehøgskule. Vi har i perioden gjennomført pilotarrangement med dette som rammer, på Fana folkehøgskule.
- o Det blir arbeidd vidare med å skape eit kursopplegg og ein mal for «Syng snakk spis» etter modell frå Danmark.
- o Alle arrangement i regi av FHF og IF blir krydra med rikeleg allsong.

Være rustet for, og delta i, den skolepolitiske debatten.

- o For sette i system vårt engasjement den skulepolitiske debatten er det oppretta eit *kommentarkorps*. Dette er ei samling av engasjerte og kunnskapsrike tilsette i skulane, som ynskjer å bidra i det offentlege ordskiftet. Det har vore lite aktivitet i denne gruppa. Det viser seg også at det er til dels svært vanskeleg å kome til ord i det offentlege ordskiftet i media. Dei forsøk som har blitt gjort på å sende inn kronikkar og kommentarar, får lite plass i dei riksdekkande avisene.
- o Gjennom FHF sitt engasjement i Folkehøgskulerådet blir det formidla innlegg og kronikkar til avisene.
FHF var deltakar på Demokratibåten under Arendalsuka 2024. Det vart her arrangert samtalar og gjort opptak til podcast med folkehøgskuletema i sentrum.
- o I samarbeid IF og IKF har leiar i FHF vore med på *Demokratibussen*. Saman med ni ungdomspolitikarar har bussen turnert til fire skular på nordvestlandet for å arrangere politiske debattar. Elevar på skulane hadde på førehand utarbeidd spørsmål og tema for politikarane. Lokale vidaregåande skular vart også invitert inn. Prosjektet vekk svært god mottaking, og debattane var gode med sakleg argumentasjon og eit livleg ordskifte. Lokal presse gav desse arrangementa god dekning. Det blir jobba for å skape fleire slike debattar og Demokratibussar i heile folkehøgskulelandskapet.

Bidra til opplæring og felles møteplasser for elever som er styrerepresentantar og elevrådsledere.

- o Saman med Noregs Kristelige Folkehøgskolelag og Folkehøgskulerådet ga vi ut heftet *Demokratisk danning - pedagogiske opplegg i folkehøgskolen*. Heftet om yringsfrihet og

deltagelse inneheld blant anna inspirasjon og opplegg for regional elevrådssamling, og valgkampmodell for elevrådsval.

Arbeide for å øke skolenes styrerepresentanters kompetanse omkring drift av folkehøgskole.

- o Webinar v/advokatkontoret Helmr: Ansattrepresentant i styret – rolle, ansvar og handlingsrom
- o Arbeid i samband med ny lov. Støtta forslag om utvida ansvar for styra ved skulane.
- o Utgangpunkt i NOU og signal om auka ansvar til styra ved skulane.

Skape samtale, refleksjon og bevissthet rundt begrepene «folkeopplysning» og «folkelig opplysning».

- o Folkehøgskulelova nyttar omgrepa *danning* og *folkeopplysning*. Det har dei siste 20 åra blitt jobba mykje for å skape medvit omkring danningomgrepet. Ordet *folkeopplysning* har ikkje fått tilsvarende merksemd. Det har vore eit mål for FHF skape forståing for distinksjonen mellom *folkeopplysning* og *folkeleg opplysning*. Dette har blitt fokusert på gjennom fleire artiklar i magasinet «Folkehøgskolen» der m.a. tidlegare leiarar i FHF har blitt utfordra på å presentere si forståing av omgrepa. I lys av folkehøgskulehistoria er det korrekte ordet *folkeleg opplysning*. I prosessane knytt til høyring på NOU 2022: 16 og høyringar knytt til revisjon av Folkehøgskulelova har det blitt foreslått at omgrepet folkeleg opplysning blir nytta i ny lovtekst. Dette har og blitt fokusert på i møter med statssekretær og departement. På distriktsmøter og på skulebesøk og i samband med presentasjonen av idé- og prinsippprogrammet, har det også blitt arbeidd for å skape forståing for skilnadane i innhaldet for desse to omgrepa.

Arbeid inn mot myndighetene

Arbeide for gode rammevilkår for folkehøgskolene.

- o Ny folkehøgskulelov som truleg blir vedtatt i juni 2025, vil legge nye rammer for folkehøgskulane. Det har i perioden blitt lagt ned eit omfattande arbeide for å drøfte og ta stilling til forslaga til dei ulike lovparagrafane. Dette gjeld både forslag til lovtekst og innhald i forskrift. FHSR har utarbeidd og sendt felles høyringssvar på vegne av organisasjonane i denne prosessen. Frå FHF si side har det blitt lagt vekt på å skape ein demokratisk prosess, der alle våre medlemmer har blitt utfordra til å sette seg inn i problemstillingane og kome med innspel i prosessen.
- o Gjennom FHF si deltaking i FHSR blir det årleg gitt innspel til statsbudsjettet og leiar i FHSR får høve til å kommenter dette i møter med departementet.
- o Det blir jamnleg arrangert møter med stortingsrepresentantar for å orienter om dei utforingar som folkehøgskulane står i.
- o Som ein ledd i endringar i opptakssystemet for høgare utdanning vart ordningane med tilleggspoeng endra. Dette betyr at frå 2027 får ein ikkje lenger to tilleggspoeng for å gå på folkehøgskule. FHSR har i denne prosessen arbeid for at folkehøgskulane skal få behalde sine poeng, med argumentasjon om at eit folkehøgskuleår bidrar med unik kunnskap, det motverkar fråfall i høgare utdanning og er viktig for å bygge demokratiet.
- o Beredskap

Gjennom sin deltagelse i Folkehøgskolerådet (FHSR) arbeide for at alle skoler utvikler seg til en levedyktig størrelse for den enkelte skole.

- o Inkludert i arbeidet i samband med ny lov.
- o 2023 – tatt med plassar frå nedlagte skular, ingen får redusert internatkapasitet.
- o Fokus på kunnskap til politikarar om korleis nye skular blir oppretta
- o Støtta forslag frå dep om klare kriterier for oppretting av nye skular.

Arbeide for økt statlig tilskudd til finansiering av etter- og videreutdanning av ansatte i folkehøgskolen.

- o Dette er enno ikkje på plass, men vi har grunn til å tru at vi vil få ei ordning for dette i næraste framtid. I høyringsnotat om ny lov som kom 24. juni 2024 står det følgande i innleiinga: «Det følger av Hurdalsplattformen at regjeringen ønsker å legge til rette for at folkehøgskolelærere kan ta praktisk-pedagogisk utdanning (PPU). Dette er et forhold som det ikkje er nødvendig å regulere i lov, og som vil bli fulgt opp i andre prosessar.»

Arbeide for å bedre studiefinansieringen for folkehøgskoleopphold

- o Ja, gradvis skjer dette gjennom arbeidet i FHSR

Arbeidslivsfeltet

Arbeide for gode og rettferdige arbeidsforhold for alle medlemmer

- o Arbeider med å fornye samarbeidsavtalen vår med Utdanningsforbundet
- o Ny særavtale for det pedagogiske personalet, avtaleprosess, og (opplæring, våren 2023)
- o Samarbeider med NKF både administrativt og på felles styremøte
- o Vi har deltatt på Utdanningsforbundet sitt landsmøte 2023

Utdanningsforbundet har landsmøter kvar 4. år. Hausten 2023 var FHF tilstades på møtet for å skape kontakt på politisk nivå i organisasjonen. Dette er viktig for vere tydelege på kva folkehøgskulen står for og kva som er våre særlege utfordringar og kva som er vårt arbeidsfelt. Vi fekk på landsmøtet møte ny leiar i Utdanningsforbundet, styremedlemmer og politiske talspersonar for Utdanningsforbundet. Vi har oppretta positiv kontakt og det blir planlagt årlege møter på politisk nivå.

Vidareutvikle organisasjonen til beste for medlemmene, inkludert å gi opplæring og støtte til lokallagsarbeid.

- o Tillitsvalgtkonferansen arrangeres årlig, med forkurs for nye tillitsvalgte
- o Vi har utarbeidet retningslinjer for juridisk bistand, for å sikre forutsigbarhet for de av våre medlemmer som trenger slik hjelp.
- o Webinarer om aktuelle temaer, som nedbemanning
- o Veiledning til enkeltskular
- o Samarbeidsavtalen med Utdanningsforbundet.
- o Særavtale, ny forhandling, kursing

Sikre god informasjonsflyt og åpen kommunikasjon i organisasjonen.

- o Felles styremøter IF og IKF, FHF og NKF
- o Mykje og god kommunikasjon og politisk kontakt på kontakt på styreleiarnivå

- o God uformell kontakt mellom styremedlemmer, styreleiarar og tilsette på kontoret.

Bidra til å videreutvikle den norske tre-part-modellen i utdanningssektoren og de overordna rammevilkårene for ansatte.

- o UNIO forhandlingsutval
- o Samarbeid med VIRKE og KS

Arbeide for å opprettholde dagens ytelsesbaserte tjenstepensjonsordning, herunder AFP og særaldersgrenser.

- o I samarbeid med NKF og FHSR har vi god kommunikasjon med Statens Pensjonskasse (SPK) angående forhold som gjelder folkehøgskoleansatte spesielt.

Arbeide for å styrke rekrutteringa innenfra til lederstillinger i skoleslaget.

- o Rektorlaget, arbeider for oppfølging av alle nye rektorar
- o Kurs for nye leiarar årleg.
- o Informasjonsmateriell
- o Uformell Møte/kontakt med alle nye rektorar.
- o Leiarutdanning v. USN har ikkje vore tilbod dei siste to åra.

Styrke det lokale partssamarbeidet gjennom tillitsvalgtopplæringen.

- o Tillitsvalgtkonferansen. Vise fram kva tema som har vore aktualisert og som har vore tema for dei to samlingane som har vore sidan siste årsmøtet.

Arbeide for å øke medlemstallet i alle yrkesgrupper.

- o Marknadsfører vårt ide- og verdiarbeid og alle medlemsfordelar på distrikstmøter og skulebesøk.
- o Fremhever medlemsfordeler i «Folkehøgskulen», og på plakat sendt ut til skolene.
- o Artiklar om arbeidslivsspørsmål og ideologiske tema.

Landsmøtet 2023

NOTE 6 - SKATTETREKKSKONTO

FHF hadde pr. 31.12.24 kr. 126.772,- innestående på skattetrekkskontoen. Skyldig skatt for 6.termin 24 kr 126.630,-.

NOTE 7 - KURS FOR TILLITSVALGTE

	Faktisk	Budsjett	Diff
OU - midler	kr -147 465,25	kr -122 000,00	kr -25 465,25
Kostnader kurs for tillitsvalgte	kr 353 909,00	kr 330 000,00	kr 23 909,00
Underskudd OU-midler	kr 206 443,75	kr 208 000,00	kr -1 556,25

NOTE 8 - SPESIFIKASJON AV KONTORHOLDSKOSTNADER

Husleie 16,5 % av totalt for kontoret	kr	335 614,00
Andre kontorholdskostnader	kr	310 690,00
Av felles kontorholdskostnadene har FHF i snitt dekket 17 %.		
Fordelingsnøklerne blir gjennomgått hver termin og kan variere i løpet av året.		

SIGNATURES

ALLEKIRJOITUKSET

UNDERSKRIFTER

SIGNATURER

UNDERSKRIFTER

This documents contains 5 pages before this page
Dokumentet inneholder 5 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 5 sivua ennen tätä sivua
Dette dokument indeholder 5 sider før denne side

Detta dokument innehåller 5 sidor före denna sida

authority to sign
representative
custodial

asemavaltuus
nimenkirjoitusoikeus
huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt
firmateckningsrätt
förvaltare

autoritet til å signere
representant
foresatte/verge

myndighed til at underskrive
repræsentant
frihedsberøvende

UAVHENGIG REVISORS BERETNING

Konklusjon

Vi har revidert Folkehøgskoleforbundet sitt årsregnskap som viser et overskudd på kr 2 759. Årsregnskapet består av balanse per 31. desember 2024, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og noter til årsregnskapet, herunder et sammendrag av viktige regnskapsprinsipper.

Etter vår mening

- oppfyller årsregnskapet gjeldende lovkrav, og
- gir årsregnskapet et rettviseende bilde av foreningens finansielle stilling per 31. desember 2024 og av dets resultat for regnskapsåret avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med de internasjonale revisjonsstandardene International Standards on Auditing (ISA-ene). Våre oppgaver og plikter i henhold til disse standardene er beskrevet nedenfor under Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet. Vi er uavhengige av foreningen slik det kreves i lov, forskrift og International Code of Ethics for Professional Accountants (inkludert internasjonale uavhengighetsstandarder) utstedt av the International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglene), og vi har overholdt våre øvrige etiske forpliktelser i samsvar med disse kravene. Innhentet revisjonsbevis er etter vår vurdering tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

Ledelsens ansvar for årsregnskapet

Ledelsen er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettviseende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge. Ledelsen er også ansvarlig for slik intern kontroll som den finner nødvendig for å kunne utarbeide et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil.

Ved utarbeidelsen av årsregnskapet må ledelsen ta standpunkt til foreningens evne til fortsatt drift og opplyse om forhold av betydning for fortsatt drift. Forutsetningen om fortsatt drift skal legges til grunn for årsregnskapet så lenge det ikke er sannsynlig at virksomheten vil bli avvirket.



Revisorgruppen

Revisorgruppen
Akershus AS
Postboks 335
N-1411 Kolbotn

Besøksadresse:
Rosenholm Campus
Rosenholmveien 25

Tlf.: +47 66 81 79 00
E-post: akershus@rg.no

Foretaksregisteret
NO 967 604 364 MVA

www.rg.no

Revisors oppgaver og plikter ved revisjonen av årsregnskapet

Vårt mål er å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet som helhet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller utilsiktede feil, og å avgi en revisjonsberetning som inneholder vår konklusjon. Betryggende sikkerhet er en høy grad av sikkerhet, men ingen garanti for at en revisjon utført i samsvar med ISA-ene, alltid vil avdekke vesentlig feilinformasjon. Feilinformasjon kan oppstå som følge av misligheter eller utilsiktede feil. Feilinformasjon er å anse som vesentlig dersom den enkeltvis eller samlet med rimelighet kan forventes å påvirke de økonomiske beslutningene som brukerne foretar på grunnlag av årsregnskapet.

For videre beskrivelse av revisors oppgaver og plikter vises det til

<https://www.revisorforeningen.no/revisjonsberetninger>

Trollåsen, 10. april 2025

Revisorgruppen Akershus AS

Waqar Zia

Statsautorisert revisor

Dokumentet er elektronisk signert.

Elektronisk signatur

Signert av

Zia, Ahmed Waqar



Dato og tid (UTC+01:00) Central European Time (Berlin) (DD.MM.YYYY HH:MM:SS)

10.04.2025 15:50:36

Signaturmetode

Norwegian BankID

Dette dokumentet er signert med elektronisk signatur. En elektronisk signatur er juridisk forpliktende på samme måte som en håndskrevet signatur på papir. Denne siden er lagt til dokumentet for å vise grunnleggende informasjon om signaturen(e), og på de følgende sidene kan du lese dokumentet som er signert. Vedlagt finnes også en PDF med signatordetaljer, og en XML-fil med innholdet i den elektroniske signaturen(e). Vedleggene kan brukes for å verifisere gyldigheten av dokumentets signatur ved behov.

FOLKEHØGSKOLEFORBUNDET - BUDSJETT 2025							
Kto.nr	Kontonavn	Budsjett for 2025	Budsjett for 2024	Regnskap 31.10.2024	Estimert resultat 2024	Regnskap 31.12.2023	Avvik budsjett - estimert
3000	Annonser i Folkehøgskolen	-230 000	-230 000	-224 900	-224 900	-229 100	5 100
	Andre inntekter pliktig	-6 000	-6 000	-5 323	-5 323	-5 816	677
3100	Boksalg - sangbok og andre bøker	-250 000	-350 000	-204 648	-205 000	-282 845	145 000
3210	Medlemskontingent	-3 750 000	-3 700 000	-2 987 523	-3 680 000	-3 797 454	20 000
3230	Kurs- og seminaravgifter	-700 000	-700 000	-414 555	-680 000	-593 070	20 000
3250	Div.refusjoner viderefakturert	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000	-2 000	0
3400	Tilskudd fra FHSR PU-midler (55 %)***)	-1 848 880	-1 907 800	-1 817 475	-1 817 475	-1 771 260	90 325
3430	Tilskudd OU-midler til kurs	-122 000	-122 000	0	-122 000	-127 707	0
3460	Ressurs for tillitsvalgte	-504 730	-454 700	-496 264	-496 264	-457 600	-41 564
3020	Royalty bøker	-20 000	-30 000	-20 506	-20 506	-42 082	9 494
3920	Bladabonnement	-6 000	-6 000	0	-6 000	-5 000	0
	Sum inntekter	-7 439 610	-7 508 500	-6 173 194	-7 259 468	-7 313 934	249 032
4000	Varekjøp sangbøker/bøker	200 000	250 000	232 304	232 304	219 493	-17 696
	Sum varekjøp	200 000	250 000	232 304	232 304	219 493	-17 696
5000	Lønn	2 688 298	2 617 712	2 211 848	2 719 097	2 520 990	101 385
5010	Lønn/honorar andre	30 000	30 000	10 000	10 000	14 500	-20 000
5840	Refusjon arbeidshjelp IF	820 000	940 000	962 960	962 960	1 289 180	22 960
5020	Feriepenger	352 033	342 799	286 577	352 220	325 404	9 421
5420	Pensjonskostnader KLP	320 000	395 000	100 500	100 500	319 942	-294 500
5410	Arbeidgiveravgift	482 972	477 357	386 097	453 156	476 962	-24 201
5510	Trekkpliktig del av reise	35 000		28 855	32 056		
5510	Motkonto trekkpliktig del av reise	-35 000		-28 855	-32 056		
5800	Refusjon sykelønn			0	0	-602	0
5830	Refusjon arbeidshjelp fra IF	-520 000	-490 000	-500 040	-503 874	-594 729	-13 874
5835	Refusjon arbeidshjelp fra FHSR	-290 000	-340 000	-356 969	-360 803	-367 888	-20 803
5840	Refusjon lønn til FHSR - Bærekraft***)	0	38 000	0	38 000	40 602	0
5910	Div.sosiale kostn. inkl.rekrutteringskostnader	35 000	35 000	16 156	39 000	38 924	4 000
5920	Yrkesskadeforsikring	6 090	6 090	6 081	4 504	4 504	-1 586
5925	Kollektiv reiseforsikring	7 660	7 660	7 660	5 885	5 400	-1 775
5930	Gruppelivsforsikring	10 120	10 120	10 121	5 400	5 885	-4 720
5940	Bedriftshelsetjeneste	6 000	6 000	4 642	4 700	4 178	-1 300
	Sum personalkostnader	3 948 173	4 075 738	3 145 633	3 830 745	4 083 252	-244 993
6050	Av- og nedskrivninger	18 000	25 000	43 577	46 896	27 592	21 896
6120	Kostnadsdekking Utdanningsforb.	180 000	150 000	0	170 000	154 222	20 000
6155	Kostnader PU-arbeid	490 000	480 000	393 379	400 000	701 470	-80 000
6158	Tilskudd til andre	6 000	6 000	0	5 000	5 000	-1 000
6162	Kurs for tillitsvalgte	290 000	240 000	289 010	289 010	243 312	49 010
6161	Styreseminar/tillitsvalgtso pplæring	30 000	30 000	0	0	-00	-30 000
6164	Kurs-og seminaravgifter	20 000	20 000	0	0	-00	-20 000
6171	Landsmøtekostnader inkl reise fradrag for avsetning	180 000	-00	0	0	52 315	0
6171	Avsetning landsmøte 2025*	-	100 000	0	100 000	-00	0

Kto.nr	Kontonavn	Budsjett for 2025	Budsjett for 2024	Regnskap 31.10.24x	Estimert resultat 2024	Regnskap x31.12.2023	Avvik budsjett - estimert
6172	Kostnader lederforum	-00	-00	0	200 000	8 283	200 000
6187	Kostnader Arendalsuka	-00	7 500	0	0	13 927	-7 500
6300	Husleie**	342 000	330 000	335 614	335 614	345 757	5 614
6325	Kontorhold***	325 000	250 000	268 201	324 200	499 375	74 200
6540	Inventar/utstyr	20 000	25 000	15 581	15 581	21 201	-9 419
6700	Revisjonshonorar	35 000	37 000	32 396	32 396	35 804	-4 604
6725	Honorar juridisk bistand	250 000	390 000	86 080	125 000	460 995	-265 000
6806	Profilering av FHF	10 000	10 000	0	6 000	-00	-4 000
6807	Drift FHF nettsted	8 000	10 000	5 977	6 000	8 747	-4 000
6810	Data - softwarekostnader/inkl. medlemssystem	175 000	95 000	166 078	173 815	103 854	78 815
6815	Biblioteket	1 500	1 500	1 375	1 375	1 375	-125
6820	Trykksaker	10 000	10 000	0	0	19 870	-10 000
6840	Abonnement/fagbøker/oppslagsverk	15 000	15 000	15 765	18 000	17 814	3 000
6860	Møtekostnader	30 000	45 000	17 136	25 000	33 841	-20 000
6870	Kostnader "Folkehøgskolen"	310 000	310 000	238 076	320 000	384 604	10 000
6890	Kostnader bærekraftprosjekt	-	10 000	4 013	4 013	7 314	-5 987
6900	EK-kostnader	55 000	50 000	46 516	55 000	48 260	5 000
6940	Porto	60 000	66 000	37 998	56 000	67 078	-10 000
7500	Forsikring bibliotek	860	860	852	852	852	-8
7400	Kontingenter	-	-00	0			0
	Danningsprosjekt		-00	30 781	30 781	-00	30 781
7430	Gaver og blomster	15 000	15 000	1 434	5 000	3 386	-10 000
	Sum driftskostnader	2 876 360	2 728 860	2 029 839	2 745 533	3 266 248	16 673
7100	Reise og opphold styret	80 000	60 000	22 618	35 000	80 989	-25 000
7110	Reise ansatte	250 000	270 000	163 965	210 000	300 018	-60 000
7135	Reise kurs for tillitsvalte	58 000	45 000	57 316	57 316	42 507	12 316
7140	Reise rektor-,lærer- og IKV-utvalg	10 000	10 000	0	0	7 192	-10 000
7165	Reise styringsgruppa PU	5 000	5 000	10 754	10 754	8 268	5 754
7160	Reise og opphold andre	5 000	5 000	0	5 000	7 012	0
	Sum reisekostnader	408 000	395 000	254 653	318 070	445 986	-76 930
8020	Renteinntekter	-9 000	-5 000	0	-9 000	-441	-4 000
7770	Gebyr bank/post/morarenter	7 500	7 500	4 742	6 700	7 626	-800
	Sum finansposter	-1 500	2 500	4 742	-2 300	7 185	-4 800
	Sum utgifter	7 431 033	7 452 098	5 667 172	7 124 352	8 022 164	-327 746
	RESULTAT	-8 577	-56 402	-506 022	-135 116	708 230	-78 714
	Overført til konfliktfond	0	10 000	-00	10 000	-00	-00
	Overført til forsknings- og utdanningsfond	0	10 000	-00	10 000	-00	-00
	RESULTAT ETTER OVF.	-8 577	-36 402	-506 022	-115 116	708 230	-78 714

**) FHF sin andel husleie i 2025 beregnet til 16,76%

***) FHF sin del av øvrige
kontorholdskostnader er 17,5%
når kostnadene deles på alle org.
og 29,03 % når kostnaden deles
på FHF-IF-FHSR.

Retningslinjer for Seniorlaget — «Mulnets frender»

1. Medlemsskap

Folkehøgskolens Seniorlag «Mulnets Frender» er eit landsdekkande lokallag for pensjonistmedlemer i Folkehøgskoleforbundet (FHF). I tillegg blir medlemer i FHF invitert som medlemer i seniorlaget frå det kalenderåret ein fyller 57 år.

2. Økonomi

Kontingenten blir bestemt av landsmøtet i FHF. Vanlege medlemer i FHF betaler ikkje avgift i tillegg til sitt ordinære medlemsskap. For pensjonistmedlemer er avgifta pr. 2025 kr. 500 pr. år.

Seniorlaget kan søke aktivitetsstøtte hos FHF sentralt til aktuelle prosjekt.

3. Møter i Seniorlaget

Innkalling til møter i seniorlaget bør vere skriftleg og skal sendast ut i rimeleg tid. Sakliste skal følgje innkallinga og skal minst innehalde:

- Godkjenning av dagsorden
- Godkjenning av protokoll frå siste møte
- Orientering om arbeidet i FHF sentralt
- Tilmeldte saker

Det skal førast referat/protokoll frå møta. Innkallingar og protokoll skal sendast FHF sekretariatet for lagring på dataservert sentralt.

Leiar og generalsekretær i FHF inviterast normalt til møta i Seniorlaget og elles til møte i seniorlagsstyret etter behov.

4. Landsmøtet i FHF

Lokallaget vel delegat til landsmøtet i FHF, jmf. § 8.2 i vedtektene for FHF. Delegaten har krav på full dekning av reise- og opphaldsutgifter etter rimelegaste alternativ.

Andre medlemmer i FHF kan møte på landsmøtet for eiga rekning, med tale- og forslagsrett.

5. Møtefrekvens

Møte i Seniorlaget skal haldast minst to gongar årleg. Det er i tillegg eit mål å arrangere eit årleg møte/samling på ulike skular utanom skuleåret.

6. Viktige saker for Seniorlaget

Seniorlaget har som målsetting å ta vare på seniorane sine ressursar, erfaringar og kunnskapar. Laget skal bidra til å ta vare på folkehøgskolen som ein samfunnsinstitusjon og eit fritt skuleslag, og eller medverke og inspirere til at til folkehøgskulerørsla blir halde levande, i tråd med Idé- og prinsippprogrammet for FHF. Tema for konkrete saker for Mulnets Frender kan vere:

- Seniorpolitikk
- Skulepolitiske saker
- Idémessige spørsmål
- Pedagogiske spørsmål
- Folkehøgskulen si historie
- Bidrag til magasinet «Folkehøgskolen»

7. Årsmøte

Årsmøte skal haldast annakvart år, same år som det blir halde landsmøtet i FHF. Årsmøtet skal haldast innan 1. juli.

Saker som skal behandlast på årsmøtet:

- Årsmelding
- Rekneskap
- Val av leiar
- Val av nestleiar og sekretær
- Tilmeldte saker

Funksjonstida for styret er normalt to år.

Leiar i seniorlaget er tillitsvald etter Hovudavtalen i Virke og KS.

Årsmøte kan foreslå endringar i retningslinjene for Muldets Frender overfor styret i FHF.

Orientering om omorganiseringsprosessen i folkehøgskolens sentrallødd

Til landsmøtet i FHF – Mai 2025

Bakgrunn for saken

På landsmøtet i 2023 vedtok Folkehøgskoleforbundet (FHF) å ta initiativ til samarbeid med dei andre organisasjonane sentralt i folkehøgskulen med målsetting om å vurdere ei ny framtidig organisering. Tilsvarande vedtak vart i løpet av 2023 gjort på årsmøta i Noregs Kristeleg Folkehøgskolelag (NKF), Informasjonskontoret for folkehøgskolen (IF) og Informasjonskontor for kristen folkehøgskole (IKF). Vårt felles samarbeidsorgan, Folkehøgskolerådet (FHSR), vil også kunne bli påverka av resultata. Desse vedtaka har blitt følgt opp gjennom eit forprosjekt gjennom 2024 og fram til våren 2025. Arbeidet har vore prega av grundige samtalar, prosjektgruppemøte og styrehandsaming. Det har vore ei felles erkjenning om at dagens struktur på sentralløddet har svakheiter. Det er likevel ulike oppfatningar mellom organisasjonane om korleis og kvifor ei ny organisering bør vurderast. Mellom anna har ein drøfta utfordringar knytt til ressursbruk, ulike verdisyn, ulike målsettingar, overlappende funksjoner og kompliserte og tidkrevjande beslutningslinjer.

Ei utgreiing frå vårt advokatfirma Helmr, har drøfta og skissert kva som er realistisk og hensiktsmessig, og kva som er organisatoriske og juridiske utfordringar i det vidare prosjektet med omorganisering av sentralløddet. Det er både strukturelle og prinsipielle utfordringar ved å forene eigarsida og arbeidstakersida i ein samla organisasjon. Dette styrker vurderinga om å halde desse spora organisatorisk fråskilt, men samtidig opne for samarbeid der det er naturleg.

Prosjektplanen som verktøy for vidare arbeid

Som resultat av forprosjektet er det utarbeida ein eigen prosjektplan som skisserer mål, mandat, framdrift og milepælar i arbeidet vidare. Prosjektplanen, som er utvikla i fellesskap mellom representantar frå alle fire organisasjonar, beskriver både felles grunnlag og ulike innfallsvinklar til behovet for endring. Den tar også opp kvifor ei fullstendig samanslåing av alle organisasjonane ikkje er valt som veg vidare.

Planen legg vekt på at ei ny organisering må sikre ressursutnytting, forenkling, og ein tydelegare struktur – samtidig som den bevarer maktbalansen mellom kristen og frilynt grein, og mellom eigarsida og arbeidstakersida. Prosjektgruppa sitt arbeid så langt er forankra i denne prosjektplanen, som også beskriv korleis prosessen skal forankrast hos styrer, tilsette, skuler/eigarar og medlemmer.

Status og retning i prosjektet

Målet for prosjektet har vore å undersøke korleis det sentrale arbeidet i folkehøgskolen kan organiserast meir effektivt og samla. Samtidig har det vore ein føresetnad å ivareta det som blir oppfatta som folkehøgskolen sin styrke: mangfaldet, eigarskapet og det verdimessege særpreget. I prosjektet har det blitt drøfta korleis maktbalansen mellom eigar/skuler, medlemmer, frilynt og kristen grein kan ivaretakast.

Gjennom forprosjektet har det blitt tydeleg at ei fullstendig samanslåing mellom NKF og FHF ikkje er realistisk no. Dette skuldast i stor grad kulturelle og verdimessige forskjellar mellom den kristne og den frilynte delen av folkehøgskolen. Det er samtidig semje om at fleire samarbeids-punkt mellom NKF og FHF bør utviklast i åra som kjem, særleg på styre- og sekretariatsnivå. Dette kan bidra til å bygge vidare tillit og forståing, og å teste ut samarbeid på nye områder, parallelt med det vidare prosjektarbeidet.

Det mest realistiske og fruktbare sporet framover, er å vurdere ei tettare og meir effektiv organisering av det felles informasjonsarbeidet mellom IKF og IF. Dette er det området der samarbeidet alt er sterkt og gode utvikla, og der det er mogleg å oppnå tydelegare kommunikasjon, betre ressursutnytting og forenkling av strukturar.

Ei ny organisering og mogleg samanslåing av informasjonskontora vil også få konsekvensar for NKF, FHF og FHSR. Et viktig spørsmål framover blir korleis rørslesamarbeidet mellom FHF og IF kan bevarast og styrkast, dersom informasjonskontorene får ein ny felles organisasjon.

Også i FHSR kan det oppstå endringar. I dag hentar IKF og IF sine representantar til FHSR frå sine respektive styre. Ein ny struktur kan føre til endringar i makt og forankring, og dette er ei problemstilling prosjektgruppa vil jobbe vidare med i neste fase.

Videre arbeid og prosess

Prosjektet går nå over i ein ny fase. Hausten 2025 skal det gjennomførast kartlegging av organisasjonskultur, behov og forventningar, og det skal formulerast forslag til framtidig organisering med hovudfokus på informasjonsfeltet. Det er ein føresetnad at prosjektarbeidet skal være demokratisk, inkluderande og godt forankra. Prosjektplanen skisserer framdrifta fram mot et forslag som kan leggjast fram for årsmøta i IF og IKF i 2026.

Oppsummering

- Forprosjektet har avklart at full samanslåing mellom NKF og FHF ikkje anbefalast no.
- NKF og FHF vil på styre -og sekretariatsnivå søke å utvikle samarbeidet sjølv om det ikkje er en del av prosjektbeskrivelsen.
- Hovudretninga i prosjektet framover er en mogleg ny organisering av det felles informasjonsarbeidet mellom IKF og IF.
- Endringar i informasjonsstrukturen vil ha betydning for NKF, FHF og FHSR, og særleg for rørslesamarbeidet mellom FHF og IF.
- Hausten 2025 skal det gjennomførast et prosjektarbeid med kartlegging og involvering. Forslag til ny organisering leggjast fram i for årsmøtet i IF 2026.

Idé- og prinsippprogram for Folkehøgskuleforbundet

For perioden 2025 – 2029

Del A: Idéprogram

Idégrunnlag for Folkehøgskuleforbundet

Norsk folkehøgskule starta som eit folkeopplysningsarbeid, der Nikolai Fredrik Severin Grundtvig sitt skulesyn og menneskesyn var den viktigaste inspirasjonskjelda. Hans menneskesyn og skuletankar, som trakk vekslar på både opplysningstida sin rasjonalisme, romantikken sine opplysningstankar og kristen-humanisme, la grunnlaget for eit skuleslag med danning og folkeleg opplysning som dei viktigaste måla.

Grundtvig såg på livet som «...et guddommelig Experiment af Ånd og Støv», der frie menneske møter frie tankar, med respekt for det enkelte mennesket og livet i seg sjølv. Med utgangspunkt i dette ville han skape ein historisk-poetisk skule der lærarar og elever skulle møtast for å utforske livets gåte. [Poesi, myter og diktning var uttrykk for folket sine draumar, og historia var fortellinga om korleis dette vart gjort til røyndom.](#) Gjennom fri utforsking av kven vi er og kvar vi kjem frå, skulle skulen opne opp for det som kunne være eit framtidig potensiale. Elevar og lærarar skulle møtes i augehøgde, og i ein levande vekselverknad mellom menneske, historie, vitskap, kunst og kultur, gjere seg erfaringar og hauste kunnskap. Denne kunnskapen danna så grunnlaget for ei forventning om korleis framtida skulle bli.

Grundtvig ville skape en skule som tok utgangspunkt i menneskelivet slik det blir levd her og no, samtidig som den verdsette at mennesket som åndsvesen alltid vil søke ut over seg sjølv. Slik skulle ein gi elevane livsopplysning, og gjere dei i stand til å ta aktivt del i både eige liv og i samfunnslivet.

Den frilynte folkehøgskulen sitt verdigrunnlag

Verdisynet til den frilynte folkehøgskulen bygg på eit humanistisk syn på individet sin fridom og ansvar for fellesskapet.

Frilynt folkehøgskule vektlegg grunnleggjande humanistiske verdiar, som respekt for menneske-verdet og naturen, åndsfridom, likeverd, solidaritet og aksept for den einskilte sin integritet. Skuleslaget tar med seg disse verdiane inn i en frilynt tradisjon, der folkeleg danning, demokrati, ytringsfridom og toleranse står sentralt.

Frilynt folkehøgskule har tru på at både enkeltmennesket sin fridom, og ansvaret for fellesskapet og naturen, blir ivaretatt gjennom etisk refleksjon rundt våre handlingar, kritisk fornuft og verdiar som er forankra i menneskerettserklæringa og FN sine berekraftmål.

Danning

Folkehøgskulen legg vekt på folkeleg danning, og ser på dette som en av grunnpilarane i et demokratisk samfunn. Folkeleg danning er en prosess som utviklar evna til å være merksam på seg sjølv, sine medmenneske og den verda vi lever i. Gjennom dannelsprosessen blir dei

eigenskapane og kunnskapane som kjenneteiknar et liv med sjølvbestemmelse, medbestemmelse og solidaritet utvikla, og et liv der ein finn mot og entusiasme til å leve i fridom og fellesskap med andre.

Kunnskap er dannande når den gjer moralske og normative aspekt ved verda forståeleg og forpliktande.

Menneskesyn og samfunnssyn

Mennesket er et undrande og skapande åndsvesen, som gjennom tankar, kjensler og handlingar søker mening i og med livet. Alle menneske er unike og utviklar seg i møtet med andre, basert på kjærleik som ein føresetnad for erkjenning og læring.

Folkehøgskulen har tru på mennesket sine ibuande mogelegheiter, evner og vilje til å forme eige liv gjennom å tileigne seg kunnskap, ta ansvar og påverke sine omgjevnader og dei samanhengar det står i.

Unge menneske skal lære å orientere seg i samtida, gjere seg opp eigne meningar og ta eigne val, og bli en del av den demokratiske beredskapen i samfunnet. Folkehøgskulane anerkjenner at samfunnet står overfor ei rekke store utfordringar knytt til overgangen til et berekraftig samfunn, og ser det som en del av dannelsingsoppgaget.

Eit fleirstemt læringslandskap

Folkehøgskulen legg vekt på at læring skjer i sosiale fellesskap, og det sosialpedagogiske er like viktig som det faglege innhaldet. Ein eksamens- og karakterfri skule er føresetnaden for ein dialogprega pedagogikk, som har dei rette spørsmåla meir i fokus enn dei rette svara, prosess meir enn produkt, den frie og likeverdige samtalen meir enn kunnskapsoverføring.

Eit særtrekk ved folkehøgskulen er det fleirstemte læringslandskapet ved skulane. Det pedagogiske arbeidet blir utført på fleire ulike læringsarenaer, og involverer heile personalet på ein skule. I tillegg til undervisninga er internatet en sentral del av rammene for det pedagogiske opplegget på skulene, og blir brukt aktivt i dannelsingsprosessen.

I samspel mellom å utvikle personleg autonomi og sosialt ansvar, utfordrar folkehøgskulen den einskilde til å sjå seg sjølv i ein større samanheng og reflektere over eigne verdier.

Undervisninga i folkehøgskulen tar utgangspunkt i elevane sitt eige liv, lokale og kulturelle forankring. Pensum- og eksamensfridomen gjer at skulene kan sette rammer for forpliktande fellesskap som skaper mot, lyst og ansvar for å delta og lære. Læringa er praksis- og erfaringsbasert, og undervisninga er prega av eit stort mangfald. Mykje av læringa skjer mellom elever, og mellom tilsette og elever. Undervisninga utviklar elevane sine evner til kritisk refleksjon, etisk medvit og solidaritet, gjennom deltaking i forpliktande fellesskap.

Det fleirstemte læringslandskapet legg til rette for dannning, som er skuleslaget sitt hovudmål.

Del B: Prinsippprogram

Basert på idégrunnlaget, danningssynet og menneskesynet som kjem til uttrykk ovanfor, skal Folkehøgskuleforbundet arbeide for:

- den einskilde si danning, fridom, utvikling og myndiggjering, slik at alle, uavhengig av bakgrunn, kan finne mot til meningsfull og forpliktande deltaking i samfunnet.
- eit ope, inkluderande, demokratisk og berekraftig samfunn der alle deltar i solidaritet og med gjensidig respekt for det menneskelege mangfald og naturen.
- gode rammer for en fri, aktuell og framtidsretta folkehøgskule med høg kvalitet.
- vidareutvikle folkehøgskulen som et skuleslag for danning og folkeleg opplysning.
- å sikre at alle har ei reell, praktisk og økonomisk mogelegheit til å gå på folkehøgskule.
- ein attraktiv og god arbeidsplass for alle som jobbar i skuleslaget.

Del C: Prioriterte områder 2025 – 2029

Folkehøgskulen skal gå engasjert og modig inn i vår tid. Vi erkjenner at klimakrisa krev handling og set demokratiet si løysingsevne på prøve. Vi vil møte klimafiendskap og antidemokratiske tendensar med humanistiske verdiar, [og arbeide for at skulane skal bidra til at elevane aukar sine kunnskapar og evner til å leve berekraftige liv.](#)

Dagens folkehøgskuleelevar har vakse opp med ein politisk og teknologisk røyndom der skiljet mellom sant og usant – og dermed mellom rett og gale – blir utfordra. Den utfordringa skal vi møte saman med elevane. Folkehøgskulen skal tilby levande og mangfaldige demokratiske fellesskap der den einskilde elev blir møtt med respekt. Vi skal kjempe mot utanforskap med inkludering og solidaritet.

På bakgrunn av idé- og prinsippprogrammet skal følgande punkter være prioriterte arbeidsområde for Folkehøgskuleforbundet i den komande perioden. Styret bestemmer prioritering i det daglege arbeidet.

I idé- og utviklingsarbeid skal Folkehøgskuleforbundet:

- være skuleslaget sitt sentrale organ for å ivareta og formidle folkehøgskulen sine idéar, tenking, praksis og pedagogikk.
- ha eit særleg fokus på demokratisk beredskap, fredsarbeid og danning .
- bidra til skuleutvikling og pedagogisk utviklingsarbeid, med et spesielt fokus på folkehøgskulen som ein arena for dialog og demokratisk danning.
- bidra med tilbod om pedagogisk opplæring og kurs til alle yrkesgrupper på skulene.
- arbeide for å ta vare på seniorane sine ressursar og erfaringar i idé- og utviklingsarbeidet.
- arbeide for større mangfald og representativitet i folkehøgskulen
- inspirere skulane til å redusere sitt klimaavtrykk gjennom drift og aktivitetar, og arbeide i lojalitet med felles bærekraftvedtak i organisasjonane i norsk folkehøgskule.
- bidra til forskings- og utviklingsarbeid i skuleslaget.
- arbeide for eit konstruktivt samarbeid med dei andre organisasjonane i skuleslaget, og delta i drøftingar om ei mogeleg ny organisering av Folkehøgskolekontoret, og ev. samanslåing organisasjonar.
- styrke songtradisjonen i folkehøgskulen.
- være rusta for, og delta i den skulepolitiske debatten. Folkehøgskulen skal være motvekt til målstyring, og arbeide aktivt for å formidle vår samfunnsnytte ut frå eigne verdiar og på eigne premissar.
- arbeide for å auke kompetansen for skulane sine styrerepresentantar, omkring drift av folkehøgskule.

- sikre god implementering av ny lov og forskrift, inkludert forståing av revidert formålsparagraf.
- bidra til å styrke samarbeid, erfarings- og ideutveksling i nordisk folkehøgskule.

I arbeidet inn mot myndigheitene skal Folkehøgskuleforbundet:

- arbeide for gode rammevilkår for folkehøgskulane.
- arbeide for støtte frå myndigheitene til prosjekt som fremmer skuleslaget sitt dannels- og folkelege opplysningsoppdrag.
- arbeide for i auke i statleg tilskot til finansiering av etter- og vidareutdanning av tilsette i folkehøgskulen.
- arbeide for å betre studiefinansieringa for folkehøgskuleopphold.

På arbeidslivsfeltet skal Folkehøgskuleforbundet:

- arbeide for gode og rettferdige arbeidsforhold for alle medlemmer.
- vidareutvikle organisasjonen til beste for medlemmene, inkludert å gje opplæring og støtte til lokallagsarbeid.
- bidra til å vidareutvikle den norske tre-part-modellen i utdanningssektoren og ivareta dei overordna rammevilkåra for tilsette.
- arbeide for å styrke rekrutteringa innanfrå til leiarstillingar i skuleslaget.
- jobbe for avtaleverk som tar vare på både arbeidstakarar og skuleslaget sitt særpreg.
- styrke det lokale partssamarbeidet gjennom tillitsvaltopplæringa.
- arbeide for å rekruttere alle leiarar i folkehøgskulen som medlemmer.
- arbeide for å auke medlemstalet i alle yrkesgrupper.

Valgnemnda sin innstilling til landsmøtet 2025

Styret i Folkehøgskoleforbundet

Rolle	Navn	Skole	Stilling
Leder	Astrid Moen	Sund	Ass. Rektor
	Ronnie MAG Larsen	Follo	Lærer
Styremedlem	Frida Isungset	Sogndal	Lærer
Styremedlem	Jonatan Rask	Nordiska	Rektor
Styremedlem	Mariann Aaland	Buskerud	Rektor
Styremedlem	Line Tirslaug	Torshus	Kontorleder
1. vara	Inger Olin Oppedal	Fana	Lærer
2. vara	Bendik Gulbrandsen	Karmøy	Lærer
3. vara	Gøril Fauske	Ringerike	Lærer

Skoleutviklingsutvalget

Navn	Skole	Stilling
Anne Berit Andøl	SKAP	Assisterende rektor
Kristine Rønning	Seljord	Rektor

VEDTEKTER FOR FOLKEHØGSKOLEFORBUNDET

Vedtatt på landsmøtet på Agder folkehøgskole 19.3.2013

Med endringer vedtatt på landsmøtet på Voss folkehøgskule 2.6.2015

Med endringer vedtatt på landsmøtet på Elverum folkehøgskole 31.5.2017

Med endringer vedtatt på landsmøtet på Skogn folkehøgskole 28.5.2019

Med endringer vedtatt på landsmøtet på Sogndal folkehøgskule 1.6.2023

§ 1 Namn: Folkehøgskoleforbundet

§ 2 Føremål

- 2.1 Folkehøgskoleforbundet er idé-, interesse og fagorganisasjon for norsk folkehøgskole.
- 2.2 Folkehøgskoleforbundet skal ta i vare medlemmene sine interesser når det gjeld lønns- og arbeidsforhold.
- 2.3 Folkehøgskoleforbundet skal arbeide for dei idéar den frilynte folkehøgskolen byggjer på og fremje folkehøgskolen sin innverknad og plass i det norske samfunnet.
- 2.4 Folkehøgskoleforbundet skal arbeide for gode og tenelege rammevilkår for norsk folkehøgskole.
- 2.5 Folkehøgskoleforbundet skal drive studie-, utviklings- og opplysningsverksemd.

§ 3 Medlemsskap

- 3.1 Folkehøgskoleforbundet har fire former for medlemskap: vanleg medlem, student/stipendiatmedlem, pensjonistmedlem og støttemedlem. Vanleg medlem har fulle rettar i organisasjonen.
- 3.2 Rett til vanleg medlemskap har alle som arbeider i eller har permisjon frå stilling i folkehøgskolen. Desse kan berre ha vanleg medlemskap.
- 3.3 Styret kan etter særskilt søknad innvilge medlemskap for andre.
- 3.4 Rett til støttemedlemskap har elles alle som ønskjer å arbeide for dei idéar Folkehøgskoleforbundet byggjer på.

§ 4 Inn- og utmelding

- 4.1 Inn- og utmelding skjer skriftleg til Folkehøgskoleforbundets sekretariat.
- 4.2 Den lokale tillitsvalte har ansvar for at lokallagslister med endringer vert sendt sekretariatet.

§ 5 Kontingent

- 5.1 Landsmøtet fastset kontingenten og utrekningsgrunnlaget samt rammene for bruken av kontingenten.

§ 6 Organisasjonsstruktur

- 6.1 Folkehøgskoleforbundet har følgjande vedtaksledd:

Arbeidsplass/landsomfattande lokallag:

Lokallaget
Styret i lokallaget
Lokal tillitsvalt

Landsplan:

Landsmøtet
Forbundsstyret
Sekretariat med generalsekretær står for det daglege arbeidet i
Folkehøgskoleforbundet

§ 7 Lokallaget

- 7.1 Medlemmer ved den enkelte folkehøgskolen utgjør eit lokallag i Folkehøgskoleforbundet. I tillegg utgjør rektorar, tilsette i sekretariatet og pensjonistar eigne lokallag. Verksemda i lokallaga følgjer retningslinjer som blir gitt av forbundsstyret og vedtak fatta av landsmøtet.
- 7.2 Er det minst 2 medlemmer i laget, skal det veljast leiar og kasserar. Desse utgjør styret i lokallaget. Tel lokallaget fleire medlemmer, kan talet på styremedlemmer utvidast til maksimalt fire. Samansettinga av styret bør spegle medlemsgruppa.
- 7.3 Lokallagsmøte skal haldast når ein medlem krev det.
- 7.4 Støttemedlemmer knytt til ein skole kan møte i lokallaget utan stemmerett.
- 7.5 Årsmøtet i lokallaga skal haldast i god tid før landsmøtet. Ekstraordinært årsmøte skal haldast når styret eller 1/4 av medlemmene krev det.
- 7.6 Rektormedlemmer tek og del i lokallaget ved eigen skole, unntatt i saker som omhandlar førebuing til møter etter medbestemmelsesdelen i hovudavtalane.

§ 8 Landsmøtet

- 8.1 Landsmøtet er det høgste organet i Folkehøgskoleforbundet og skal haldast kvart andre år innan utgangen av juni.
- 8.2 Landsmøtet er sett saman av delegatar vald av lokallaga og forbundsstyret med vararepresentantar, til saman maksimalt 60 delegatar etter følgjande ordning:
 - Kvart lokallag melder på representantar i prioritert rekkefølge innan frist satt av styret.
 - Desse har krav på full dekning av reise- og opphaldsutgifter etter rimelegaste alternativ:
 - Første innstilte frå alle lokallaga
 - Styret med vararepresentantar
 - Dernest andre innstilte frå lokallaga, etter fallande medlemstal til det maksimalt er 60 delegatar
 - Dersom det framleis er ledige plasser, tredje innstilte frå lokallaga etter fallande medlemstal og så frametter til det er maksimalt 60 delegatar
 - Resultatet meldes lokallaga utan opphald.
- 8.3 Alle andre medlemmer i Folkehøgskoleforbundet kan likevel møte på landsmøtet med tale- og forslagsrett.
- 8.4 Forbundsstyret legg fram årsmelding, rekneskap og budsjett til godkjenning på landsmøtet. Styret har ikkje stemmerett i desse sakene. Rekneskapen skal vera godkjent av statsautorisert/registrert revisor.
- 8.5 Landsmøtet vel forbundsstyret og dei ombod som landsmøtet vedtar skal veljast av landsmøtet. Landsmøtet skal godkjenne forbundsstyret sitt val av revisor. Landsmøtet vel valnemnd.
- 8.6 Saker som skal opp på landsmøtet må meldast seinast 2 månader i forvegen. Framlegg om endring av vedtektene må meldast seinast 4 månader i forvegen.
- 8.7 Forbundsstyret kan gje vidare retningslinjer for gjennomføringa av landsmøtet. Landsmøtet kan gjera endringar i desse.

§ 9 Ekstraordinært landsmøte

- 9.1 Det skal kallast inn til ekstraordinært landsmøte når 1/6 av medlemmene krev det, eller når forbundsstyret finn det nødvendig.
- 9.2 Ekstraordinært landsmøte skal kunngjerast med minst 14 dagars varsel. Sakliste skal følgje innkallinga.
- 9.3 Ekstraordinært landsmøte kan ikkje behandle eller avgjera andre saker enn dei som er nemnt i innkallinga.

§ 10 Forbundsstyret

- 10.1 Forbundsstyret skal leie verksemda i Folkehøgskoleforbundet mellom landsmøta og førebu landsmøtesakene.
- 10.2 Forbundsstyret har 5 medlemmer valt av landsmøtet blant dei vanlege medlemmene. Kvart kjønn skal vera representert med minst 2 medlemmer.
- 10.3 Landsmøtet vel leiar ved særskilt val. Val skal vere skriftlege dersom det er fleire forslag til leiar, styremedlemmer eller varamedlemmer. Styret vel nestleiar seg imellom.
- 10.4 Landsmøtet vel 3 nummererte varamedlemmer til styret. Varamedlemmane møter til vanleg i styret, men utan røysterett.
- 10.5 Generalsekretær er forbundsstyrets sekretær.
- 10.6 Leiar og styremedlemmer med varamedlemmer blir valde for 2 år om gongen.
- 10.7 Forbundsstyret kan gje vidare retningslinjer for valnemnda. Landsmøtet kan gjere endringar i desse.

§ 11 Sekretariatet

- 11.1 Sekretariatet utfører under ansvaret til forbundsstyret det daglege arbeidet i Folkehøgskoleforbundet. Sekretariatet skal ha ein generalsekretær.
- 11.2 Forbundsstyret tilset generalsekretær.

§ 12 Endring av vedtektene

- 12.1 Endring av vedtektene kan berre vedtakast av ordinært landsmøte.
- 12.2 Framlegg til endring av vedtektene må vera forbundsstyret i hende 4 månader før landsmøtet. Framlegg skal så raskt som råd sendast lokallaga.
- 12.3 Endring av vedtektene må ha 2/3 fleirtal på landsmøtet.

§ 13 Oppløysing

- 13.1 Framlegg om oppløysing av Folkehøgskoleforbundet må vera framsett minst 6 månader før ordinært landsmøte og skal så raskt som mogleg sendast ut til lokallaga.
- 13.2 Vedtak om oppløysing kan gjerast av landsmøtet med 2/3 fleirtal.
- 13.3 Dersom oppløysing blir vedtatt, skal det same landsmøtet avgjera korleis midlane til Folkehøgskoleforbundet skal disponerast.
- 13.4 For framlegg til samanslåing av Folkehøgskoleforbundet med andre organisasjonar gjeld også reglane i punkta 13.1 og 13.2.

Prosedyre for gjennomføring av landsmøtet

- Registrering/navneopprop ved møtestart. Opplyse om antall stemmeberettigede.
- Landsmøtedeltakere som forlater landsmøtet under forhandlingene legger igjen stemmelapp med sitt nr. hos fullmaktsnemnda, slik at det til enhver tid er oversikt over antall stemmeberettigede i salen.
- Alle medlemmer av Folkehøgskoleforbundet har tale- og forslagsrett. Stemmerett har kun valgte delegater og forbundsstyret med vararepresentanter (j.fr. vedtektene §8).
- Landsmøtet ved møtelederne kan gi andre tale og forslagsrett.
- Delegatene/deltakerne ber om ordet ved å gi tegn med deltakernummeret (på eget ark i deltakermappene). Det kan normalt bes om innlegg ved én finger, replikk med to fingre og «til forretningsorden» ved timeout-signal. Deltakere som ber om ordet til forretningsorden, skal ha ordet umiddelbart.
- Møtelederne avgjør fra sak til sak eventuelle begrensninger i taletiden, åpning for replikker, og når strek skal settes for debatten, og opplyser om dette.
- De som gis ordet presenteres med fullt navn av møteledelsen.
- Møtelederne kan inndelegere debatten i temaer og opplyser om dette.
- Når strek er satt, kan deltakere bare ta ordet til forretningsordenen, for eksempel avstemningsordningen, ikke til selve saken.
- Alle forslag til avstemning skal framsettes skriftlig.
- Stemmesedler til alle valg deles ut i deltakermappene ved møtets start.
- Vedtak, utenom vedtektsendringer, treffes med alminnelig flertall av de stemmer som avgis.
- Dersom det blir satt frem krav om at et vedtak skal gjøres skriftlig, avgjør landsmøtet dette ved alminnelig flertall.
- Møtelederne kan tegne seg på talerlista, og delta i debatten – fra talerstolen.
- Det bør synges med passende mellomrom!
- Avtroppende tillitsvalgte takkes for innsatsen.

Vedtatt av forbundsstyret 9. september 2019. Revidert av forbundsstyret 4. desember 2024.

Retningslinjer for gjennomføring av valg på landsmøter

1. Møteledelsen informerer om rammer og prosedyrer for valget (punktene her under).
2. Valget foregår etter Folkehøgskoleforbundets vedtekter, § 10 Forbundsstyret:
10.2: Forbundsstyret har 5 medlemmer valt av landsmøtet blant dei vanlege medlemmene. Kvart kjønn skal vera representert med minst 2 medlemmer.**10.3:** Landsmøtet vel leiar ved særskilt val. Val skal vere skriftelege dersom det er fleire forslag til leiar, styremedlemmer eller varamedlemmer. Styret vel seg imellom nestleiar og sekretær.
10.4: Landsmøtet vel 3 nummererte varamedlemmer til styret. Varamedlemmane møter til vanleg i styret, men utan røysterett.

I pkt. 3 i retningslinjer for valgnemnda heter det:

Valgnemnda skal ha forespurt sittende styreleder, styrerepresentantene, varamedlemmer og utvalgsmedlemmer som er på valg på det kommende landsmøte om de tar gjenvalg, senest 3 måneder før landsmøtet. Leder kan normalt ikke stille til gjenvalg mer enn 3 ganger (maksimalt 8 år som leder). Styre-, varamedlemmer til styret og utvalgsmedlemmer kan normalt ikke stille til gjenvalg mer enn to ganger (maksimalt 6 år som styre- og/eller varamedlem) i hver posisjon.

3. Valgnemndas leder gjør kort rede for nemndas arbeid for landsmøtet, og hva valgnemnda skal innstille kandidater til: Leder, 4 styremedlemmer, 3 varamedlemmer, 4 medlemmer i utvalg for praktisk personale, 4 medlemmer i lærerutvalget, 2 medlemmer i skoleutviklingsutvalget og 3 medlemmer i ny valgnemnd.
4. Valgnemndas kandidater er på forhånd presentert skriftlig i utsendte landsmøtepapirer.
5. Det åpnes for benkeforslag på kandidater. Benkeforslag må være avklart på forhånd med aktuelle kandidater.
6. Valgnemnda informerer om styremedlemskandidater som eventuelt ikke velges, også stiller til varaplass.
7. Tillitsvalgte bør ikke ha flere tillitsverv i Folkehøgskoleforbundet samtidig enn det som følger av det aktuelle tillitsvervet.
8. Møteledelsen informerer om hvem som er i tellekorpset.
9. Stemmesedler er lagt inn i landsmøtedeltakernes mapper på forhånd.
10. Valgene foretas. Valg der det ikke er konkurrerende kandidater kan velges ved akklamasjon.
 - Valg av Folkehøgskoleforbundets leder for 2 år.
 - Valg av 4 medlemmer i forbundsstyret for 2 år. Dersom det er fremmet forslag om flere enn fire kandidater velges styremedlemmene ved at delegatene skriver opp fire av kandidatenes navn på stemmeseddelen. De fire som har fått flest stemmer og samtidig tilfredsstiller §10.2 er valgt som styremedlemmer.
 - 3 varamedlemmer til forbundsstyret velges for 2 år etter samme prosedyre som for styremedlemmer. Kandidater som evt. ikke fikk plass i styret, spørres om de stiller som kandidater til vara.
 - 4 medlemmer til lærerutvalget velges for 2 år etter samme prosedyre som for styremedlemmer.

- 4 medlemmer til utvalg for praktisk personale velges for 2 år etter samme prosedyre som for styremedlemmer.
- 2 medlemmer til skoleutviklingsutvalget velges for 2 år etter samme prosedyre som for styremedlemmer.
- Valg av revisor etter innstilling fra styret (én kandidat og evt. ved akklamasjon).
- Valg av valgnemnd etter innstilling fra valgnemnda.

11. Møteledelsen informerer landsmøtet om resultatet av valgene underveis og samlet til slutt.